

Til: Aksjonærer og styremedlemmer

SUNNHORDLAND LUFTHAVN A/S

Innkalling til ordinær generalforsamling

Det vert herved kalla inn til ordinær generalforsamling i Sunnhordland Lufthavn A/S. Generalforsamlinga vert halden i møterommet i brannstasjonen på Stord lufthamn onsdag 28. mai kl 15.00.

Til handsaming ligg føre :

- 1 Godkjenning av innkalling**
- 2 Val av møteleiar**
- 3 Val av referent**
- 4 Val av person til å underteikna generalforsamlingsprotokollen saman med møteleiar**
- 5 Årsmelding**
- 6 Fasetting av resultatrekneskap og balanse.**
- 7 Val av styremedl. og varamedl.**
- 8 Godtgjering til revisor og styremedl.**
- 9 Godkjenning av leigeavtale mellom Stord kommune og lufthamnselskapet.**

Årsmelding og rekneskap samt revisjonsberetning fylgjer som vedlegg.

Aksjonærer som ikkje kan møta, vert bedne om å gi fullmakt.

Stord, den 06. mai 2013

For styret i Sunnhordland Lufthavn A/S

Dag Aksnes
Styreformann

Jan Morten Myklebust
Dagleg leiar

Fullmakt

Hordaland fylkeskommune

gjev herved , fullmakt til å representera våre aksjer på generalforsamlinga i Sunnhordland Lufthavn A/S onsdag 28. mai 2014
Vi har aksjer med tilsvarende stemmer.

Sted: _____

Dato: _____

underskrift

LEIGEAVTALE

mellom

Utleigar: STORD KOMMUNE - 939866914

og

Leigetakar: SUNNHORDLAND LUFTHAMN AS – 934076613

om

grunnareal, terminalbygg mv

1. Føremål

Denne avtalen gjeld under føresetnad av at følgjande føremål vert oppfylt:

- a) Sunnhordland Lufthamn AS får ansvar for å utvikla og driva flyplassen med eit godt rutetilbod
- b) Flyplassen skal drivast på forretningsmessig basis for rutegåande og annan flytrafikk med tilhøyrande verksemd i samsvar med gjeldande lover og reglar, og i samsvar med vilkår og premisser for statlege tilskot
- c) Selskapet skal og ha som målsetjing å marknadsføra flyplassen og på denne måten auka rutetrafikken og annan lufttrafikk ved flyplassen

2. Leigeobjekt

Denne leigeavtalen omfattar det arealet som naturleg høyrer til Sunnhordland Lufthamn, jfr vedlagt kart, signert og datert 19.10.2010. Leigearealet ligg på gnr 60 bnr 14, deler av gnr 60 bnr 15, gnr 61 bnr 12 og gnr 61 bnr 17. I dette ligg det også at, terminalbygg, driftsbygningar og navigasjonsanlegg med driftsutstyr inngår i denne avtalen.

3. Eigar og leigetakar sine plikter

- a) Leigetakar har ansvar for alt vanleg inn- og utvendig vedlikehald av bygningar og anlegg. Dette inkluderer flystripe m/asfalterte oppstillingsplasser for fly og kjøretøy, sikringssoner og grøntanlegg. Det gjeld og bygningar og anlegg for navigasjon og sikring. Vedlikehaldsplikta omfattar og snøbrøyting på det leigde arealet.
- b) Leigetakar er kjend med at det er lite høgdefall på kloakkavlaup, og leigetakar skal difor som tidlegare, regelmessig og når naudsynt, foreta spyling av kloakkavlaup.
- c) Leigetakar pliktar å halda bygg og anlegg i god forsvarleg stand i samsvar med gjeldande lover og reglar. Det skal årleg utarbeidast ein vedlikehalds- og investeringsplan for leigeobjekta. Desse planane skal leggjast fram innan 1.9. året før arbeidet skal gjerast.
- d) Leigetakar forsikrar bygg og anlegg, og leigetakar skal årleg dokumentera t bygg og anlegg er turvande trygda. Leigetakar teiknar og arbeidsgjevar- og driftsforsikring og forsikrar utstyr og inventar. Leigetakar kan nyttiggjera seg kommunen si forsikringsordning og innkjøpsavtalar. Leigetakar svarar for kommunale eigedomsavgifter for vatn, avlaup, renovasjon mv og utgifter til straum og breiband.
- e) Dersom utleigar vert pålagt ekstra kostnader (offentlege pålegg, avgifter mv) grunna leigetakaren sin bruk av lokala, skal leigetakaren betala desse fullt ut ved forfall.

A handwritten signature in black ink is written over a rectangular stamp. The signature appears to be 'Arne L.' or similar. The stamp is mostly illegible but seems to contain some text or a date.

4. Investeringar

Leigetakar er ansvarleg for større investeringar i bygg, anlegg og utstyr, til dømes nye bygningar, rehabilitering av rullebane, nye oppstillingsplassar, nye gjerde og andre faste anlegg, inklusive tryggleiksutstyr.

Før investeringane vert gjennomført skal dei godkjennast av utleigar (kommunen), og godteke av staten som grunnlag for framtidige årlege tilskot.

Slike investeringar skal fortløpande registrerast av leigetakar og gå fram av eige vedlegg til denne avtalen.

5. Leige

Samla årleg leige for leigetilhøve nemd i pkt 1 er **Kr 880.000**. I leiga inngår dekning av grunnleige, felleskostnader og investeringskostnader. Leiga skal utan påkrav betalast forskotsvis med ¼ pr kvartal, dvs kr **220.000** pr kvartal. Leiga skal betalast inn til STORD KOMMUNE sin konto 5266 05 00995. Grunnleiga er rekna ut frå eit areal på 42.000 m², og investeringar i bygg og anlegg på kr 5.86 mill kr.

Leiga er slik samasett:

Grunnleige	kr 7,00x42.000	kr 294.000
Kapitalkostnader		<u>kr 586.000</u>
Sum leige pr år		<u>kr 880.000</u>

I leigeperioden kan leiga regulerast kvar år, første gong 01. januar 2011. Leiga kan regulerast med 100 % av den prosentvise endringa i Statistisk Sentralbyrå sin konsumprisindeks. Basis for indeksreguleringa er konsumprisindeksen pr 01.01.2010.

For utleigar og leigetakar sine plikter vert det synt til punkt 3 og 4 i denne avtalen.

6. Leigetid

Avtalen gjeld frå 01.01.2010 for 10 – ti – år framover. Leigetakar har rett til å forlengja leigeforholdet dersom han varslar utleigaren om det seinast når det er eitt år igjen av 10-årsperioden, og partane vert samde om dei leigevilkåra som skal gjelda for denne perioden.

Desom flyplassen vert overteken av staten på line med andre flyplassar i Noreg, fell denne avtalen bort.

Avtalen kan reviderast dersom det vert eigarskifte i selskapet.

7. Framleige

Leigetakar har rett til å drive framleige av kontorplassar mv. Leigetakar bør ha tilknytning til relevant verksemd.

Framleige av dei leigde lokala skal godkjennast av utleigar. Utleigar kan imidlertid ikkje nekta slik godkjenning utan at det ligg føre sakleg grunn.



8. Misleghald

Det er ein føresetnad for denne avtalen at det er ei ordinær rutedrift på flyplassen, jfr §1 i avtalen. Fell denne føresetnaden bort, gir det leigetakar rett til å sei opp avtalen. Avtalen kan og seiast opp dersom leigetakar eller utleigar ikkje oppfyller dei plikter som er sett i denne avtalen.

9. Fråflytting/avvikling

Ved fråflytting eller avvikling skal leigeobjektet leverast tilbake til eigar i god og forsvarleg stand.

10. Tinglysning/pantsetjing

Det aktuelle grunnarealet skal oppmålast og fradelast med eige gards- og bruksnummer. Leigeavtalen skal tinglysast på leigetakaren sin kostnad. Leigeretten kan pantsetjast.

11. Tvistar – verneting

Dersom det oppstår tvistar mellom partane til denne leigeavtalen skal partane koma saman og prøva å løysa tvisten gjennom forhandlingar. Dersom dette ikkje fører fram, skal tvisten avgjerast ved valgift etter reglane i tvistemålslova. Sunnhordland tingrett vert rekna som verneting i høve til denne avtalen.


12. Underskrifter

Denne kontrakten er utferdiga og underteikna i 2 eksemplar, og leigetakar og utleigar har kvart sitt eksemplar.

Avtalen er ikkje gyldig før den er godkjent av kompetent mynde i Stord kommune.

Stord, den 28. 9. 2010


Stord kommune



Liv Kari Eskeland
Ordførar



Sunnhordland Lufthamn AS



Jon Lund
styreleiar



ÅRSMELDING 2013



SUNNHORDLAND LUFTHAVN AS

Innleiing

Sunnhordland Lufthavn AS har sitt kontor på Stord lufthamn, Sørstokken. Selskapet sitt føremål er å planleggja, finansiera, opparbeida og driva lufthamn på Stord og i samband med dette å delta i andre selskap med liknande verksemd. Flytryggleiken har og skal ha høgaste prioritet i selskapet.

Det er dei seinare åra utført store sikkerhetsrelaterte oppgraderingar av lufthamna.

I samsvar med rekneskapslova § 3-3 er fortsatt drift av selskapet lagt til grunn ved utarbeiding av årsrekneskapet.

Stord kommune (79%) og Hordaland fylkeskommune (21%) er aksjeeigarar i selskapet. Aksjekapitalen er på kr 2.000.000.

Selskapet har i 2013 motteke statsstøtte på kr 11.925.328 til drift av Stord lufthamn. Ein har i tillegg motteke kr 5.782.297 i AFIS-støtte. Denne støtta er gjeve på vilkår av at lufthamna har rutetraffikk.

Flyselskapet Danish Air Transport (DAT) er operatør på Osloruta og flyg 12 rundturar pr. veke på denne strekninga. Flyselskapet nyttar flytypen ATR-42 med 46 passasjerseater. Flyselskapet har hatt ein regularitet på 98,1% og ein punktlighet på 86,4% på Osloruta. DAT flyg også rute til Molde 2 dagar i veka. Frå og med 01. mars flaug DAT alle rutene sine på Stord lufthamn for eigen økonomisk risiko.

Stord Lufthamn vert ofte nytta til treningsflyging av fly og helikopter. Fleire fly- og helikopterselskap nyttar lufthamna til trening og utsjekk av flygarar. Lufthamna vert også nytta av ambulansfly og redningshelikopter i samband med sjuketransportar og redningsaksjonar. Stord Flyklubb har eige klubblokale på lufthamna og er saman med Bergen Aero Klubb ein stor brukar av Stord lufthamn.



Tekniske anlegg

Lufthamna har teknisk-/operativ godkjenning for heildøgnsflyging under instrumenttilhøve. Referansekoden for lufthamna er 2C. Lufthamna har konsesjon gjeldande fram til 01. juli 2031, samt ny teknisk-/operativ godkjenning gjeldande til 01. november 2016. Frå miljøavdelinga hjå fylkesmannen i Hordaland har ein motteke utsleppsløyve i samband med avising av fly og rullebane. Lufthamna har alt starta arbeidet med å få på plass ny teknisk-/operativ godkjenning etter dei ny EU-krava til utforming av flyplassar.

Lufthamna har teke i bruk nye satelittinnflygingsprosedyrar til begge rullebanar. Navigasjonsanlegget DVOR/DME er av eldre dato og vert skifta ut i 2014. Det same gjeld DME (avstandsmålar) på localizer. Ein del av maskin- og bilparken er av eldre dato og må etter kvart skiftast ut med nyare materiell.


Det er anskaffa nytt redningstelt samt redningshengar. Den nye redningsbåten som lufthamna har anskaffa har alt vore ute på fleire søk- og redningsoppdrag for Hovudredningssentralen i Sør Noreg.

Drift og organisering

Lufthamnselskapet har 18 tilsette. Lufthamnselskapet utfører sjølv alle tenestene som skal til for å halda flyplassen operativ. Lufthamnselskapet sparar store kostnader ved at ein mellom anna utfører securitytenesta med eige personell.

Teknisk vedlikehald av flynavigasjons- og meterologisk utstyr kjøper lufthamnselskapet frå Avinor AS på Bergen lufthavn. Avinor AS føretek også kontrollflyging av navigasjonsanlegga på lufthamna. Dei tilsette i brann- og redningstenesta utfører øvingane sine på Avinor AS sitt øvelsesfelt på Haugesund lufthavn, Karmøy.

Trafikkutvikling



Det reiste totalt 30.711 passasjerar over Stord lufthamn i 2013. Dette utgjer ein auke på 10.519 passasjerar eller 52,1% samanlikna med 2012. Dei fleste av passasjerane nytta seg av DAT sine ruter til Oslo og Molde.

Det vart registrert 6.826 flyrørsler. Dette utgjer ein auke på 1.765 rørsler eller 34,4% samanlikna med 2012. Stord Flyklubb og Bergen Aero Klubb står for dei fleste av flyrørslene på lufthamna.

Den positive trafikkutviklinga skuldast god aktivitet i det lokale næringslivet samt at DAT no tilbyr konkurransedyktige prisar for forretningsreisande og privatpersonar.

Økonomi

Rekneskapen syner eit positivt årsresultat på kr 40.449. Lufthamnselskapet arbeidar kontinuerleg med å auka sine inntekter samt å redusera sine kostnader. Ein forventar i 2014 ei positiv trafikkutvikling i samband med god aktivitet i det lokale næringslivet. Dette gjer at selskapet ser lyst på framtida til den regionale lufthamna. På bakgrunn av dette meiner styret det er forsvarleg å framføra rekneskapet under føresetnad om fortsatt drift.

Eigarane av selskapet må hjelpa til med å sikra vidare statleg tilskott til drift av lufthamna samt til tårntenesta (AFIS).

Luftfartstilsynet krev gjerde rundt heile flyplassen slik at det ikkje kjem hjort inn på rullebanen. Krav for ferdigstilling er sett til oktober 2014. Tankskap for flydrivstoff av typen Jet A-1 er no fjerna.

Arbeidsmiljø og likestilling

Styret vurderer arbeidsmiljøet i bedrifta som godt. Fylkesmannen si miljøavdeling har gjeve utsleppsløyve til lufthamnselskapet i samband med avising av fly og rullebane. Ny støyanalyse for Stord lufthamn er utarbeida. Sjukefråværet var på 6,1%. 45% av dei tilsette i selskapet er kvinner.

Framtidig utvikling

Ei positiv utvikling av Stord lufthamn er avhengig av at næringsliv og privatpersonar ynskjer å nytta seg av flytilbodet på Stord lufthamn. Stord lufthamn er ein del av infrastrukturen i regionen og eit nyttig redskap for utvikling av det lokale næringslivet. Med bakgrunn i den positive trafikkutviklinga vil lufthamnselskapet no arbeida for å få inn større fly og auka frekvens på Osloruta. Lufthamnselskapet vil vidare kontakta firma som skal ha gjestearbeidarar på Kværner Stord med tanke på å kunna tilby dei flytransport over Stord lufthamn.

Anna informasjon

Det er halde 4 styremøter.

Følgjande personar sit no i lufthamnstyret.

Styreformann Dag Jarle Aksnes (Stord kommune)

Styremedl. Olav Akselsen (Stord kommune)

 Stein Nilsen (Stord kommune)

 Terje Søviknes (Hordaland fylkeskommune)

 Cecilie Wiik (Tilsette)

Vararepr. : Torill Eidsheim (fylkeskommunen) , Aslaug Kindem (Stord kommune) og
 Thomas A. Hjelman (tilsette)




Styret ynskjer å takka dei tilsette i lufthamnselskapet for god arbeidsinnsats. Vidare vil vi takka Avinor AS, Luftfartstilsynet, Samf.dep. og eigarane av lufthamnselskapet for eit godt samarbeide i 2013.

Stord lufthavn 06. mai 2014



Dag Aksnes
Styreformann



Olav Akselsen
Styremedl.



Stein Nilsen
Styremedl.



Terje Søviknes
Styremedl.



Cecilie Urdal
Styremedl.



Jan Morten Myklebust
Dagleg leiar



Sunnhordland Lufthavn AS

Årsregnskap 2013

Sunnhordland Lufthavn AS

Årsregnskap 2013

Resultatregnskap

	Note	2013	2012
Driftsinntekter og driftskostnader			
Salgsinntekt		6 382 680	5 753 844
Driftstilskudd		17 707 625	17 907 109
Annen driftsinntekt		8 767	52
Sum driftsinntekter		24 099 072	23 661 006
Varekostnad		567 300	1 048 199
Lønnskostnad	7	11 798 765	10 380 102
Avskrivning på driftsmidler	3	2 563 060	1 967 454
Annen driftskostnad	2, 7	8 728 279	13 150 474
Sum driftskostnader		23 657 405	26 546 229
Driftsresultat		441 667	-2 885 224
Finansinntekter og finanskostnader			
Annen renteinntekt		10 982	29 948
Annen rentekostnad		412 200	570 077
Resultat av finansposter		-401 218	-540 129
Ordinært resultat før skattekostnad		40 449	-3 425 353
Skattekostnad på ordinært resultat	8	0	0
Ordinært resultat		40 449	-3 425 353
Årsresultat		40 449	-3 425 353
Anvendelse			
Avsatt til dekning av tidligere udekket tap	5	40 449	0
Overført til udekket tap	5	0	3 425 353
Sum anvendelse		40 449	-3 425 353

Sunnhordland Lufthavn AS

Årsregnskap 2013

Balanse

Egenkapital og gjeld	Note	2013	2012
Innskutt egenkapital			
Aksjekapital	5	2 000 000	2 000 000
Ikke registrert kapitalforhøyelse	5	5 000 000	0
Sum innskutt egenkapital		7 000 000	2 000 000
Opptjent egenkapital			
Udekket tap	5	-6 318 422	-6 358 872
Sum opptjent egenkapital		-6 318 422	-6 358 872
Sum egenkapital		681 578	-4 358 872
Annen langsiktig gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjoner	10	1 427 722	0
Øvrig langsiktig gjeld	10	11 232 942	14 408 222
Sum annen langsiktig gjeld		12 660 664	14 408 222
Kortsiktig gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjoner	10	0	2 902 926
Leverandørgjeld		1 489 161	1 798 347
Skyldige offentlige avgifter		978 511	837 167
Annen kortsiktig gjeld		2 836 719	2 871 888
Sum kortsiktig gjeld		5 304 392	8 410 328
Sum gjeld		17 965 055	22 818 550
Sum egenkapital og gjeld		18 646 633	18 459 678


Før styret i Sunnhordland Lufthavn AS




Dag Aksnes
Styrets leder




Olav Akselsen
Styremedlem



Stein Nilsen
Styremedlem



Terje Svåvik
Styremedlem



Cecilie Wiik
Styremedlem



Jan Morten Myklebust
Daglig leder

Sunnhordland Lufthavn AS

Årsregnskap 2013

Balanse

	Note	2013	2012
Eiendeler			
Varige driftsmidler			
Bygningsmessige påkostninger	3	1 668 000	1 751 443
Rullebane og belysning	3, 10	8 448 000	10 073 000
Tomter og andre grunnareal	3	1 318 847	1 291 424
Maskiner, inventar, utstyr o.a.	3, 10	3 812 900	2 263 000
Sum varige driftsmidler		15 247 747	15 378 867
Finansielle driftsmidler			
Langsiktige fordringer	11	219 505	784 250
Sum finansielle anleggsmidler		219 505	784 250
Sum anleggsmidler		15 467 252	16 163 117
Omløpsmidler			
Lager av varer og annen beholdning	9	375 411	269 328
Fordringer			
Kundefordringer	6	589 433	379 541
Andre kortsiktige fordringer		806 306	919 070
Sum fordringer		1 395 739	1 298 611
Bankinnskudd, kontanter o.l.	4	1 408 231	728 622
Sum omløpsmidler		3 179 381	2 296 561
Sum eiendeler		18 646 633	18 459 678

Sunnhordland Lufthavn AS

Årsregnskap 2013

Noter

--

Note 1 Regnskapsprinsipper, vesentlige regnskapsposter

Årsregnskapet, som er utarbeidet av selskapets styre og ledelse, må leses i sammenheng med årsberetningen og revisjonsberetningen.

Årsregnskapet består av resultatregnskap, balanse og noteopplysninger og er avlagt i samsvar med regnskapslov og god regnskapsskikk i Norge for små foretak gjeldende pr. 31. desember 2013.

Selskapet har i tidligere år drevet med underskudd slik at mer enn 50 % av selskapets aksjekapital er tapt. Det er derfor i år tilført selskapet ny kapital av eierne for å sikre videre drift. Det er samtidig gjort tiltak som har sikret et positivt resultat for 2013. Selskapet har en forventning om positivt resultat også for de kommende år og dermed kunne reetablere kapitalforholdene. Regnskapet er på denne bakgrunn avlagt under forutsetning om fortsatt drift.

Årsregnskapet er basert på de grunnleggende prinsipper og klassifiseringen av eiendeler og gjeld følger regnskapslovens definisjoner. Ved anvendelse av regnskapsprinsipper og presentasjon av transaksjoner og andre forhold, legges det vekt på økonomiske realiteter, ikke bare juridisk form. Betingede tap som er sannsynlige og kvantifiserbare, kostnadsføres.

Inntektsførings- og kostnadsføringstidspunkt - sammenstilling

Inntekt resultatføres som hovedregel når den er opptjent. Inntektsføring skjer følgelig normalt på leveringstidspunktet ved salg av varer og tjenester. Utgifter sammenstilles med og kostnadsføres samtidig med de inntekter utgiftene kan henføres til. Utgifter som ikke kan henføres direkte til inntekter, kostnadsføres når de påløper.

Varige driftsmidler

Varige driftsmidler føres i balansen til anskaffelseskost, fratrukket akkumulerte av- og nedskrivninger. Dersom den virkelige verdien av et driftsmiddel er lavere enn bokført verdi, og dette skyldes årsaker som ikke antas å være forbigående, skrives driftsmidlet ned til virkelig verdi. Utgifter forbundet med normalt vedlikehold og reparasjoner blir løpende kostnadsført. Utgifter ved større utskiftninger og fornyelser som øker driftsmidlenes levetid vesentlig, aktiveres.

Avskrivninger

Ordinære avskrivninger er beregnet lineært over festetiden/økonomiske levetid med utgangspunkt i historisk kostpris. Avskrivningene er klassifisert som ordinære driftskostnader. Tilskudd mottatt vedrørende driftsmidler er nedskrevet på driftsmidlets kostpris.

Fordringer

Fordringer er oppført til pålydende med fradrag for forventede tap.

Skattekostnad/utsatt skattefordel

Utsatt skattefordel beregnes i tråd med foreløpig regnskapsstandard for resultatskatt. I tråd med god regnskapsskikk for små foretak, balanseføres ikke netto utsatt skattefordel.

Obligatorisk tjenestepensjon

Foretaket er pliktig til å ha tjenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tjenestepensjon. Foretakets pensjonsordning oppfyller kravene etter denne loven.

Sunnhordland Lufthavn AS

Årsregnskap 2013

Noter

<i>Note 2 - Andre drifts- og administrasjonskostnader</i>	2013	2012
Elektrisitet	299 521	159 199
Leie av areal fra Stord kommune	918 140	905 658
Husleie for Crew, samt leie hangar og kontorer	384 445	671 409
Renhold, renovasjon o.l.	76 392	136 505
Kontrollflyging	221 486	98 345
Leie av bil, maskiner o.l.	1 187 191	1 635 705
Flyleie	347 901	3 439 791
Brann/havaritjenester inkl. leie brannmannskap	345 087	576 760
Verktøy, utstyr, arbeidstøy, urea, sand etc.	408 341	175 754
Catering	61 306	157 904
Vedlikehold	460 873	569 612
Teknisk assistanse	258 274	201 857
Radiolinje og datalinje	284 315	250 009
Godtgjørelse regnskapsfører og revisjon	567 870	579 910
Andre godtgjørelser konsulent, juridisk bistand	104 155	276 702
Politi, Securitas og inkassoomkostninger	237 867	179 292
Værtjeneste	86 511	197 740
Kontorkostnader	466 776	556 741
Bilkostnader	458 521	292 555
Drift redningsbåt	109 649	14 092
Reisekostnader, bilgodtgjørelse	201 127	334 919
Reklame, annonser	172 074	126 184
Årsgebyr Luftfartstilsynet og Avinor	404 480	446 580
Gaver, kontingenter og representasjon	33 940	71 989
Forsikring	225 227	212 805
Kurs- og møteutgifter	312 768	663 647
Tap på krav/innkommet tidl. avskr. fordr.	14 001	20 000
Andre kostnader, inkl jubilæumsfest	80 041	198 810
Sum andre driftskostnader	8 728 279	13 150 474

Note 3 - Anleggsmidler

	Transportm. maskiner, bå	Inventar og utstyr	Bygningsm. påkostning	Grunn og vei	Rullebane og belysning	Naust/ molo	Sum
Anskaffelseskost 1/1	3 124 355	6 680 142	902 749	1 327 777	13 068 877	1 245 442	26 349 343
+ Tilgang	275 963	2 044 861	0	88 864	0	95 250	2 504 939
- Avgang	-51 685	-2 783 203	0	0	-78 438	0	-2 913 326
Anskaffelseskost 31.12.	3 348 633	5 941 800	902 749	1 416 642	12 990 439	1 340 693	25 940 956
Akk. avskrivninger 1/1	1 733 355	5 881 142	396 749	36 353	2 922 877	0	10 970 476
+ Årets ordinære avskrivninger	320 563	377 361	91 000	61 442	1 625 000	87 693	2 563 060
- Akk. avskrivninger solgte dr.r.	-51 685	-2 783 203	0	0	-5438	0	-2 840 326
Akk. Avskrivninger 31/12	2 002 233	3 475 300	487 749	97 795	4 542 439	87 693	10 693 210
Bokført verdi	1 346 400	2 466 500	415 000	1 318 847	8 448 000	1 253 000	15 247 747
Avskrivningssats	10-33,3%	10-33,3%	10 %	10 %	10 - 20 %	7 %	

Bygningsmessige påkostninger gjelder aktiverte kostnader på leid bygning. Det er foretatt avskrivninger i takt med leieperiode.

Grunn og vei blir avskrevet for andel som gjelder asfaltering og utgjør kr 308.353 i anskaffelseskost. Beløpet blir avskrevet over 10 år.

Sunnhordland Lufthavn AS

Årsregnskap 2013

Noter

Note 3 - Anleggsmidler, forts.

Årlig leie av ikke balanseførte leieavtaler	1 187 000
Varighet av leieavtaler som ikke balanseføres	Inntil 5 år

Selskapet leier røntgenmaskiner, datasystemer og transportmidler. Disse er ikke balanseført da leieavtalene iht. god regnskapsskikk ikke er å anse som finansiell leasing.

Note 4 - Bundne midler

Av totale bankinnskudd er kr 546 667 bundet til skyldig skattetrekk.

Note 5 - Egenkapital og aksjonærinformasjon

Egenkapital:	Ikke reg. kapital-			Sum
	Aksjekapital	forhøyelse	Udekket tap	
Egenkapital 31.12.2012	2 000 000	0	-6 358 872	-4 358 872
Årets endring i egenkapital:				
Gjeldskonvertering		5 000 000		5 000 000
Årsresultat			40 449	40 449
Egenkapital 31.12.2013	2 000 000	5 000 000	-6 318 422	681 578

Aksjekapitalen er på kr 2 000 000 fordelt på 400 aksjer. Alle pålydende kr 5 000.

Aksjonærene i Sunnhordland Lufthavn pr 31.12.2013:

Aksjonær	Antall aksjer	Eierandel	Stemmeandel
Stord Kommune	316	79,00 %	79,00 %
Hordaland Fylkeskommune	84	21,00 %	21,00 %
Totalt antall aksjer	400	100,00 %	100,00 %

Aksjonærer har i 2012 og 2013 tilført kapital til selskapet for å sikre fortsatt drift. Det er vedtatt å konvertere disse lånene til kapital/overkurs. Innbetalt overkurs vil etterpå bli brukt til dekning av udekket tap. Disse kapitalendringer er vedtatt i 2013 men først registrert i foretaksregisteret i 2014.

Note 6 - Fordringer

Fordringene er vurdert til pålydende. Det er avsatt kr 35 000 for usikre fordringer. Det er ikke realisert tap på fordringer i 2012.

Sunnhordland Lufthavn AS

Årsregnskap 2013

Noter

Note 7 - Lønn/godtgjørelse mv.

	2013	2012
Lønnskostnader		
Lønninger	9 966 167	8 797 471
Arbeidsgiveravgift	1 439 376	1 272 494
Pensjonskostnader	163 750	122 137
Andre godtgjørelser	229 472	188 000
Sum lønnskostnader	<u>11 798 765</u>	<u>10 380 102</u>
Antall årsverk	18	18
Godtgjørelse (i kroner)	Dagleg leiar	
Lønn som operativ leder AFIS	578 499	
Lønn som daglig leder i lufthavnselskapet	383 799	
Annen godtgjørelse	<u>28 698</u>	
	990 996	
Styrehonorar	148 000	
Revisor	2013	2012
Revisjon og revisjonsbeslektede tjenester, eks. mva.	69 370	62 100
Honorar for andre tjenester fra vår revisor, eks. mva.	50 495	44 875

Note 8 - Regnskapsmessig behandling av skatt

	Midlertidige forskjeller	
	2013	2012
Utsatt skatt		
Fordringer	-32 119	-30 376
Driftsmidler	-269 158	8 352
Gevinst og tapskonto	<u>-594 671</u>	<u>-743 338</u>
Sum midlertidige tidsforskjeller	-895 948	-765 362
Fremførbart skattemessig underskudd	<u>-29 873 885</u>	<u>-30 067 209</u>
Netto midlertidige forskjeller etter utligning	-30 769 832	-30 832 570
Begrensning mhp balanseføring av uts. skattefordel	<u>30 769 832</u>	<u>30 832 570</u>
Grunnlag utsatt skattefordel	<u>0</u>	<u>0</u>

Utsatt skattefordel er ikke balanseført.

	2013	2012
Betalbar skatt		
Resultat før skattekostnad		
(Regnskapsmessig resultat)	40 449	-3 425 353
Permanente forskjeller	22 288	16 595
Endring midlertidige tidsforskjeller	130 586	-145 662
Anvendt underskudd til fremføring	<u>-193 324</u>	<u>0</u>
Grunnlag betalbar skatt (Skattemessig resultat)	<u>0</u>	<u>-3 554 420</u>
Betalbar skatt	28 %	0
	0	0
Skattekostnad	2013	2012
Årets betalbare skatt	0	0
Utsatt skattefordel - netto endring (jfr. ovenfor)	0	0
Skattekostnad	<u>0</u>	<u>0</u>

Sunnhordland Lufthavn AS

Årsregnskap 2013

Noter

Note 9 - Varelager

Varer	31.12.2013	31.12.2012	Endring
Varer for videresalg	375 411	269 328	106 083
Sum varer	375 411	269 328	106 083
Herav vurdert til anskaffelseskost	375 411	269 328	

Varebeholdningen er vurdert til det laveste av anskaffelseskost og virkelig verdi. Virkelig verdi er vurdert å være forventet salgspris etter fradrag for salgskostnader. Det er ikke behov for avsetning for ukurans.

Note 10 - Langsiktig lån

Øvrig langsiktig gjeld per 31.12.2013 gjelder lån fra selskapets eiere.

	Opprinnelig lånesum	nedbetalt til
Gjelden er rentebærende med:		
NIBOR 3 mnd. rente + 1%	12 486 000	9 027 942
NIBOR 12 mnd. rente + 1%	2 520 000	2 205 000

Det er betalt avdrag på kr 1 175 280 i 2013 . Lånene er rentebærende i 2013.

Til sikkerhet for selskapets kassekreditt er det stilt pant i driftstilbehør i sin helhet, bokført verdi ca TNOK 15 200.

Note 11 - Langsiktige fordringer

Gjelder i det vesentlig forskuddsbetalt leie på leasingavtale for driftsmiddel.

Note 12 - Transaksjoner med nærstående parter

Sunnhordland Lufthavn betaler kr 918 140 i leie av grunn til Stord kommune, jfr. note 2. I tillegg har eierne ytt lån til selskapet, som blir renteberegnet, jfr. note 10.